



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 23.09.2014

Sak nr.: 14/3972-3

Internt l.nr.: 29735/14

Sak: 40/14

Tittel: Søknad om fornya ruteløyve

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Nettbuss Sør, region Sogn og Fjordane får fornya ruteløyva for persontransport på strekningane Årdal – Tyin, Sogndal – Fortun/Krossbu – Otta og Sogndal – Hella – Vik - Voss på følgjande like vilkår for alle rutene:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.08.2014 til 31.07.2024
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Lokal persontransport i andre fylke skal berre utførast etter godkjenning av den aktuelle fylkeskommune.
- d) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyve skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Materiell som vert nytta skal vere tilpassa funksjonshemma passasjerar, mellom anna brukarar av rullestol.